



Saksframlegg

Svar på høyring - forslag til tiltaksplanar eter kvalitetsnormen for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		22.10.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

- Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)
- Høringsnotat – forslag til tiltaksplaner etter kvalitetsnorm for villrein for Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder – KMD
- Forslag til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder - KMD

Vedlegg

- 1 Forslag til uttale
- 2 Høringsnotat forslag til tiltaksplaner etter kvalitetsnorm for villrein for Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder KMD
- 3 Forslag til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder KMD

Bakgrunn for saka:

Villreinen (Rangifer tarandus) er ei ansvarsart for Noreg, med over 90 % av dei attverande bestandane av vill fjellrein i Europa. Arten har stor økologisk, kulturell og historisk verdi, og er sterkt knytt til høgfjellsøkosystema.

Kvalitetsnorma for villrein blei fastsett ved kongeleg resolusjon i 2020, med heimel i naturmangfaldlova § 13. Målet med norma er å:

- Sikre levedyktige bestandar innanfor naturlege utbreiingsområde
- Oppfylle internasjonale forpliktingar (t.d. Bern-konvensjonen)
- Gi eit objektivt grunnlag for vurdering av tilstand og forvaltning

Norma vurderer villreinens tilstand ut frå tre delnormer:

Delnorm	Måleparameter	Formål
Bestandstilhøve	Slaktevekt, kalveproduksjon, kjønstilhøve	Syner om bestanden er sunn og berekraftig
Lav-beite	Tilstand og bæreemne	Syner om beita er tilstrekkelege
Leveområde og menneskeleg påverknad	Arealbruk, trekkpassasjar, forstyrningar	Syner om villreinen har tilgang til funksjonsområde

Klassifiseringa i 2022 og 2023 synte at ingen nasjonale villreinområde har god kvalitet. Setesdal Ryfylke har dårleg kvalitet, medan Setesdal Austhei – som Fyresdal kommune er del av – har middels kvalitet.

For å bøte på dei dårlege vilkåra for villreinen, er det laga eit sett tiltaksplanar som skal gjere levikåra for villreinen betre. Dette er ei direkte oppfølging av kvalitetsnorma og stortingsmeldinga Meld. St. 18 (2023–2024).

Tiltaksplanane skal bidra til å:

- Stanse den negative utviklinga innan 2030
- Oppnå minimum middels kvalitet innan 2050
- Sikre god kvalitet i nasjonale villreinområde innan 2100

Tiltaksplanane er ikkje juridisk bindande, men skal:

- Samle konkrete tiltak som kan gjennomførast av ulike aktørar
- Vere eit felles referansepunkt for forvaltning og planlegging
- Legge til rette for frivillig tilslutning og lokal medverknad


Tiltaka skal gjennomførast innan ein tidshorisont på 8 år, og evaluerast jamleg.

Klima- og miljødepartementet har no sendt forslag til tiltaksplanar på offentlig høyring. Fristen for å sende inn innspel er 31. oktober 2025.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal- og utmarksressursane på ein berekraftig måte.

Fyresdal inngår i Setesdal Austhei Villreinområde, eit område som dekkjer 2400km² i sju kommunar i to fylke; Bykle, Valle, Bygland, Vinje, Tokke, Åmli og Fyresdal kommunar i Telemark og Agder fylker. Området er i grove trekk avgrensa av E134 over Haukelifjell i nord, Rv. 42 i sør, og Rv. 9 gjennom Setesdalen i vest.



Setesdal Austhei vart definert som villreinområde i 1980, og opna for villreinjakt i 1981. Inntil 1979 var det tamreindrift i området. Målet for vinterstamma er 1500 dyr.

På <https://villrein.no/villreinomrader/setesdal-austhei/> kan ein mellom anna lese:

«Setesdal Austhei har mer innlandsklima enn Setesdal–Ryfylkeheiene. Områdets sesongbeiter er oppsplittet av Rv. 45 mellom Valle og Tokke over Store Bjørnevatn. Nordområdet har mange fjellvidder og dekker 770 km², mens sørområdet har mer skog og dekker cirka 1600 km². NORUT har laget vegetasjonskartet for Setesdal Austhei, på grunnlag av satellittfoto (se kart). Størsteparten av bestanden på Austheia har vinterbeitene sine i nordområdet, mens kalvingsområder og sommerbeiter ligger i sørområdet. Dyrene krysser Rv. 45 på tross av sitt mellom områdene. Trekkmulighetene er mindre som følge av vei og hyttebebyggelse. Siden flere daler skjærer seg inn i fjellområdet, vil reinen kunne finne snøfrie vårebeiter. I nordområdet er det høyfjellsområder med lav, og tidligere har det vært mye utveksling av dyr med Setesdal Ryfylke.»

Utbyggingane langs Fv45 er ei stor barriere for villreinens bruk av område, og passasjane ved Hallbjønnsekken og Bjørnevatn vert stadig mindre og trongare. Folk nyttar hyttene meir enn tidlegare, meir bruk skapar igjen meir aktivitet i heia, og er med på å forstyrre villreinen i trekka over Fv45. Heiane i Fyresdal har vore svært viktige for villreinen gjennom tidene, med kalvingsområde m.a. kring Øysteinsfjell. Sjølv om villreinen er ein nomadisk brukar av heia, ser ein stadig mindre bruk av områda i sør, langt utover det som tidlegare var beitebrukssyklusen til villreinen. Dette kan ein også sjå av jaktresultat i sørområdet, der det vart felt 191 dyr i sørområdet i 2012, medan det kun vart skote 11 dyr i 2024. Av GPS merka dyr ser ein at flokkane oppheld seg stadig mindre i sørområda, og at dei trekkjer nordover, over vegen, stadig tidlegare. Trekket begrensar seg ofte til å gå ned i Valle og nord i Fyresdal, men er totalt fråverande mot Bygland, Åmli og sør i Fyresdal. Med bakgrunn i mellom anna det vanskelege trekket nord-sør, har altså Setesdal Austhei Villreinområde fått middels karakter, og forslag til tiltaksplanar er utarbeida for området.

Forslag til tiltaksplanar bygger på faggrunnlag utarbeida av prosjektgrupper leia av statsforvaltarane i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus (dåverande Oslo og Viken) og Agder. Etter at faggrunnlag vart oversendt Klima- og miljødepartementet i desember 2023, har departementet gjennomført opne folkemøte, ein omfattande førehandsinvolvering av berørte fylkeskommunar og kommunar på politisk nivå, og møter med andre berørte organisasjonar og aktørar lokalt og nasjonalt i forkant av alminneleg høyring.

Kva ynskjer ein så å oppnå med tiltaksplanane for villreinområda?

Tiltaksplanane har som mål å:

- Forbetre dei måleparametra som er klassifisert til dårleg kvalitet
- Hindre at andre parameter får sveikt tilstand
- Gjenopprette funksjonelle leveområde og trekkpassasjar
- Redusere samla belastning frå menneskeleg aktivitet
- Skape føreseielege rammer og god samhandling mellom aktørar

Kven har dei viktigaste rollene i arbeidet?

Aktør	Rolle
Klima- og miljødepartementet (KLD)	Overordna ansvar, utarbeiding av tiltaksplanar
Statsforvaltaren	Rettleiing, motsegnsmytte, koordinering
Kommunane	Arealforvaltning, planarbeid, lokal medverknad
Fylkeskommunane	Regional planlegging, samordning
Villreinnemnder (kommunale repr.)	Bestandsforvaltning, jaktgrenser
Villreinlag	Lokal kunnskap, medverknad
Grunneigarar	Forvaltning av utmark, tilrettelegging
Reiselivsnæringa	Tilpassing av ferdsel og infrastruktur
Frivillige organisasjonar	Informasjon, tiltak, lokal støtte
Forskning (NINA, NVS m.fl.)	Kunnskapsgrunnlag, evaluering

Aktuelle konsekvensar for dei ulike aktørane i villreinfeltet kan vere

Kommunar

Må vurdere omsynssoner, sti- og løypeplanar, motorferdselsplanar, dispensasjonar

Fylkeskommunar

Oppfølging av Heiplanen, regional samordning

Statsforvaltaren

Kan gripe inn ved avvik frå retningslinjer, rettleiing

Villreinnemnder

Justering av jaktgrenser og bestandsmål

Reiseliv

Kan måtte endre ruter, hytteplassering, tilrettelegging

Grunneigarar

Kan bli berørt av restriksjonar, men også få støtte til tiltak

Frivillige

Kan bidra til informasjon, ferdselsstyring, restaurering

Lokalbefolkning

Kan oppleve endringar i ferdsel, men også styrka lokal naturforvaltning

Konsekvensar for Setesdal Austhei generelt, og Fyresdal kommune spesielt, kan vere:

1. Arealforvaltning og planarbeid

- Kommunen vert oppmoda til å revidere kommuneplanens arealdel med omsyn til villreinens leveområde og trekkpassasjar.
- Det skal vurderast innføring eller justering av omsynssoner i tråd med Heiplanen og tiltaksplanen.
- Ved behandling av dispensasjonssøknader skal villreinomsyn vektleggjast, og oppdatert kunnskap skal liggje til grunn.

2. Ferdsel og tilrettelegging

- Tiltaksplanen opnar for midlertidige eller varige ferdselsrestriksjonar i sårbare område.
- Kommunen vert oppmoda til å utarbeide sti- og løypeplanar som tek omsyn til villreinens sesongbruk av området.
- Det kan bli aktuelt å leggje om merka ruter, skiløyper eller turisthytter dersom dei hindrar trekk eller forstyrrar viktige funksjonsområde.

3. Motorferdsel

- Kommunen vert oppmoda til å lage kommunal plan for motorferdsel, gjerne i samarbeid med nabokommunar.
- Det skal vurderast korleis næringskøyring kan styrkast utan å svekkje villreinens leveområde.

4. Næringsutvikling og lokal bruk

- Tiltaksplanen legg opp til at landbruk, reiseliv og friluftsliv framleis skal kunne utviklast, men innanfor rammer som ivaretek villreinen.
- Kommunen må vurdere lokalisering av nye tiltak (t.d. hytter, turisme, energi) med tanke på konflikt med villreinens bruk av området.

5. Samarbeid og kunnskapsgrunnlag

- Fyresdal vert oppmoda til å delta i regionalt samarbeid om tiltak og kunnskapsdeling.
- Det vert lagt vekt på lokal medverknad, og kommunen kan spele ei nøkkelrolle i å involvere grunneigarar, organisasjonar og innbyggjarar.
- Kommunen bør nytte oppdatert kartgrunnlag og forskingsdata (t.d. GPS-sporing, NINA-rapportar) i planlegginga.

På generelt grunnlag, og i tråd med Meld. St. 18 (2023-2024), ynskjer departementet å legge opp til at tiltaka *i så begrensa grad som mogleg* inneberer statleg inngripen overfor kommunane og befolkninga i villreinområda.

Kommunane har hovudansvaret for arealplanlegging etter plan- og bygningsloven, og det *vurderast ikkje som aktuelt å innføre nye statlege forbod eller restriksjonar* for den kommunale arealforvaltninga i samband med tiltaksplanane. Tiltaksplanane legg i tråd med dette opp til kommunal planvask som et sentralt verkemiddel for å oppnå en meir restriktiv og heiskapeleg arealforvaltning i villreinområda.

Tiltakspakkene som vurderast å ha størst effekt for å betre eksisterande tilstandsutfordringar i villreinområda er dei geografiske tiltakspakkene knytt til Blåsjøområdet, Store Urevatn, Sørområdet i Setesdal Ryfylke og Bjørnevattn-området. Samtlege av desse tiltakspakkene inneheld tiltak med mål om å forbetre eller gjenopprette funksjonelle trekkpassasjar for villreinen, som vil være av stor betydning for utviklinga av tilstanden til bestanden i desse områda.

Reetablering av trekkpassasjane langs Fv45 er det tiltaket som vil ha størst betydning for villreinen som delar av året har tilhald i Fyresdal.

For Fyresdal kommune er det viktig å poengtere at tiltaksplanane må:

- Ta omsyn til *lokal bruk og tradisjonar*, og ikkje innføre generelle restriksjonar utan lokal forankring.
- Opne for *differensiert forvaltning*, der sårbare område kan ha strengare vern, medan andre område kan nyttast til friluftsliv og næring.
- Styrke *lokal medverknad*, og sikre at kommunane har reell påverknad i utforminga og gjennomføringa av tiltak.
- Respektare *kommunalt sjølvstyre*, særleg i saker som gjeld arealbruk, motorferdsel og friluftsliv.

Heiplanen er eit av styringsverktøya vi har for forvaltning av heiområda. Ein revisjon av Heiplanen har vore tema i mange år, og i ulike fora, utan at dette er gjort til konkret handling. Ein revisjon av Heiplanen, med tilhøyrande kart- og faktagrunnlag vil styrke kvaliteten og truverd i arbeidet med arealforvaltninga i kommunane. Dagens planverk innehar feil og manglar knytt til områdebruk, trekkruiter og funksjonsområde for villrein, noko som igjen har direkte innverknad på vurderingar av tiltak og arealbruk. Ein revisjon må skje i tett samarbeid med kommunane og lokale aktørar, og baserast på oppdatert og lokalt forankra kunnskap.

Konklusjon:

Fyresdal kommune ønskjer å vere ein konstruktiv part i arbeidet med å betre villreinens situasjon. Samstundes må tiltaka vere balanserte, kunnskapsbaserte og tilpassa lokale forhold. På bakgrunn av dette er det laga høyringsuttale til KMD som legg særleg vekt på lokal bruk, differensiert forvaltning, lokal medverknad og kommunalt sjølvstyre.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Høyringsuttale vedkomande forslag til tiltaksplanar etter kvalitetsnorma for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke – Setesdal Austhei villreinområder vedtakast slik den ligg føre, og sendast KMD i trå med invitasjon.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef